



Saman tek vi vare på ressursane



AVTALE OM HEIMEKOMPOSTERING

I samhøve med felles forskrift for renovasjon i SSR - kommunane inngår partane med dette avtale om heimekompostering på eigedomen som er nemnd i denne avtala. Fylgjande vilkår gjeld for avtala:

1. Abonnten skal drive heimekompostering **heile året**. Alt våtorganisk avfall (kjøkkenavfall, matrestar, kaffe- og teposar, planterestar m.m.) skal komposterast.
2. Den som har ansvaret for komposteringa må tilegne seg kunnskap nok til å drive med dette på ein forsvarleg måte. Ein er pliktig å delta på kurset som SSR arrangerer i heimekompostering. Om ein har lang erfaring med kompostering kan ein få fritak for kurset etter avtale.
4. Kompostbeholdaren skal godkjennast av SSR og plasserast slik at den ikkje sjenerer naboen, minstekrav er 4 meter frå nabogrensa. Det er eit krav for å drive med kompostering at ein har eit hageareal på minimum 30m². Ferdig kompost må kun nyttast på eigar(ane) sin eigedom (dette pga. evt. smittefare).
5. For at komposteringa skal gå føre seg på ein hygienisk tilfredsstillande måte må det regelmessig bli blanda inn strø i komposten.
6. Kompostmassen skal vendast ofte for å sikre god lufttilgang og motvirke luktplagar.
7. SSR kan seie opp avtalen utan opphald dersom vilkåra i avtala ikkje vert fylgt.
8. Skadedyr skal ein arbeide for å unngå ved at kompostbeholdaren haldast lukka og komposteringa gjennomførast effektivt slik at temperaturen i behaldaren er tilstrekkeleg. (40-60 Celsius). Abonnten er sjølv ansvarleg for jamleg tilsyn av kompostbingen, samt å sjekke at den fungerer slik den skal. SSR er ikkje ansvarlege ved eventuell tiltrekking av skadedyr.
9. Avfall som kan innehalde giftige substansar, blod, avføring og urin frå menneske, kloakkslam eller stoff som på anna måte kan skade eller vere til ulempe for helse og miljø må ikkje bli kompostert.
10. Ved endring i abonnementsforholda (flytting/eigarskifte eller liknande) skal SSR umiddelbart ha beskjed.
11. SSR har rett til å føre kontroll med at komposteringa skjer i samsvar med vilkåra, og kan gi pålegg om tiltak dersom komposteringa ikkje vert utført tilfredsstillande og forsvarleg. SSR kan kontrollere at det ikkje er våtorganisk avfall i restavfallet.

Eigedomar som er omfatta av avtala:

Ansvarleg eigar

Adresse, postadresse, gnr. / bnr:

Type kompostbeholdar:

Godkjent dato:

Abonntent

For SSR